

# Årsrapport frå Barneombodet 2014

---



*01.03.2015*

---

## **Innhald**

I.	Fråsegn frå barneombodet.....	3
II.	Introduksjon til verksemد og hovudtal .....	4
	Organisasjonskart .....	4
	Utvalde volumtal.....	5
	Førespurnader og utsegner på brev og e-post .....	5
	Telefonførespurnader .....	5
	«Spør Barneombudet» .....	5
	Medieoppslag og sosiale media.....	6
	Uromeldingar til barnevernet.....	7
	Bruk av innsynsretten.....	7
	Krav om tilsyn .....	7
	Høyringssvar frå Barneombodet.....	8
	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar.....	8
	Fråsegner til offentlege styresmakter .....	8
	Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt .....	9
	Innspel til offentlege utval.....	9
	Notat til Stortinget .....	10
III.	Aktivitetar og resultat i 2014 .....	11
	Samla vurdering av resultat.....	14
	Nærmore omtale av bruk av verkemidlar .....	15
IV.	Styring og kontroll av verksemda.....	16
	Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda .....	16
	Nærmore omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda.....	16
	Tydeliggjering av rollar og ansvar og iverksetjing av nye kompetansetiltak .....	16
	Arkivet .....	17
	Anna drift.....	17
	Forhold departementet har bedt om særskild rapportering på.....	17
	Risikovurderingar .....	17
	Personalforvaltning og internkontroll.....	17
	Aktivitets- og greigjeringsplikter .....	19
	HMS/arbeidsmiljø .....	19
	IA-avtalen og sjukefråvær.....	20
	Sikkerheit og beredskap .....	20

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtaler .....	21
Rutinar for varsling.....	21
Tidstjuvar .....	21
V. Vurdering av framtidsutsikter.....	22
VI. Årsrekneskap .....	24
Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapet 2014 .....	24
Føremål.....	24
Stadfesting.....	24
Vurdering av vesentlege forhold.....	24
Tilleggsopplysningar.....	25
Prinsippnote til årsregnskapet 2014.....	26
Bevillingsrapporteringa .....	26

## I. Fråsegn frå barneombodet

2014 vart eit spennande, men krevjande år for Barneombodet. Vi gjennomførte vårt første store fagprosjekt, «Helse på barns premisser», med stor suksess. Rapporten frå Barneombodet fekk store merksemder frå både media og politiske miljø, og mange av anbefalingane våre har fått gjennomslag. Samtidig har det vore utfordrande å avslutte eit stort prosjekt og starte eit nytt.

Viktige fagområder i 2014 har vore helse, vald og overgrep mot barn, psykososialt skulemiljø og møter med barn og unge. Totalt har Barneombodet nådd mange av dei faglege måla vi sette oss for året, som representerer ei rekke viktige saker for barn og unge. Som eit resultat av vår påverknad har Helse- og omsorgsdepartementet blant anna løyvd 385 millionar ekstra til skulehelsetenesta. Og helseføretaka blir i oppdragsbrevet no pålagde å sikre sosialpediatrisk kompetanse innan utgangen av 2015. I tillegg har Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) foreslått at barnevernet får utvida moglegheit til å pålegge familiar som strevar å ta imot hjelpetiltak.

Resultatet for året er eit noko mindre forbruk enn venta. Den samla ressursbruken var i 2014 innanfor godkjend bevilling. Barneombodet hadde eit mindreforbruk på kr 516 632. For nærmare detaljar viser vi til del VI. Med mindre budsjett for 2015 gjer likevel mindreforbruket at vi kan oppretthalde eit godt aktivitetsnivå også dette året.

Barneombodet har hatt ei stabil bemanning gjennom ei årrekke. Det same er tilfellet for 2014. Ei tilsetting er gjort i 2014, i stillinga som kommunikasjonsleiar. Internt på kontoret er det i 2014 gjort enkelte endringar i arbeidsoppgåver og funksjonar.

Barneombodet har i 2014 arbeidt mykje med nedskriving av rutinar, HMS handbok og personalhandbok. Alt er i løpet av 2014 samla på dei nye interne nettsidene til Barneombodet.

Det er ei glede for meg å kunne slå fast at dei tilsette og leiinga hos Barneombodet på ein særskilt god måte har bidratt til at årets oppnådde resultat er gode.

Oslo, 27. februar 2015




Anne Lindboe  
barneombod

## **II. Introduksjon til verksemد og hovudtal**

Det går fram av lov om barneombod, at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane. Barneombodet skal, etter instruks § 8, kvart år rapportere til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregående året.

### **Organisasjonskart**



## Utvalde volumtal

### Førespurnader og utsegner på brev og e-post

På brev og e-post fekk vi i 2014 inn 2796 førespurnader, medan vi sende ut 1757 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 4553 brev og e-postar. Målet vårt har vore å redusere talet på førespurnader inn til kontoret, ved blant anna å legge ut betre informasjon på nettsida vår. Vi ser at dette arbeidet no har gitt resultat.

Dokument	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Inngåande dokument	3403	3258	3560	4077	3374	2796
Utgående dokument	2005	2155	2142	2413	2132	1757
Total mengde dokument	5408	5413	5702	6490	5506	4553

### Telefonførespurnader

I 2014 vart 2077 telefonar registrert inn til sentralbordet vårt. Nokre av telefonane førte til skriftlig oppfølging av rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har lagt inn ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å vende seg skriftleg til Barneombodet, anten per brev eller e-post.

### «Spør Barneombudet»

«Spør Barneombudet» har blitt ein suksess. Omlegginga av nettsidene i 2013 førte til ein stor auke i talet på spørsmål til Barneombodet, og denne auken har halde fram i 2014. Vi fekk i 2014 1480 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Område	2011	2012	2013
Familie	46	60	30
Barn og unge sine rettar	23	35	36
Foreldre som ikkje bur saman	29	35	30
Kva bestemmer foreldre?	32	30	33
Skule	63	160	109
Mobbing	20	40	18
Fritidsaktivitetar	3	15	3
Pengar og jobb	22	30	10
Venner	8	40	3
Helse	9	15	9
Psykisk helse	14	30	11

Rus, dop, røyking og alkohol	10	10	2
Vald og overgrep	9	25	12
Bilete, internett og media	1	15	6
Medverknad og påverknad	1	10	2
Barnevern	23	55	36
Andre meldingar	37	25	8
Meldingar etter ny nettside			480
<b>Sum</b>	<b>325</b>	<b>630</b>	<b>1036</b>

<b>2014 - nye stikkord</b>	<b>2014</b>
Familie	193
Rettigheter	147
Foreldre som ikkje bur saman	73
Kven bestemmer?	57
Skule	292
Mobbing	96
Flytte heimefrå	49
Økonomi og pengar	49
Venner/kjærestar	50
Psykisk og fysisk helse	65
Privatliv	61
Samvær	49
Vald	62
Mobil, internett og sosiale media	73
Bli høyrt	56
Barnevern	73
Følelsar	35
	<b>1480</b>

### Medieoppslag og sosiale media

I 2014 vart Barneombodet omtalt i totalt 2199 medietreff. 729 av disse var på papir, 1445 var på nett og 25 i tv/radio.

Mediedekninga var størst i mars, då vi lanserte rapporten «Helse på barns premisser», og i november, då debattar om mobbing og om vald og overgrep mot barn var svært aktuelle.

Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking.

<b>Medieoppslag</b>				
Årstal	2011	2012	2013	2014
Tal på oppslag	1961	2046	2874	2199
Nett			1818	1445
Papir			1030	729

Tv/radio*		26	25
-----------	--	----	----

\*Søkemotoren er per i dag for smal til å få tak i alle tv/radiooppslag i distriktsendingar, så talet er for lågt.

Barneombodet har ei eiga Facebookside for kontakt med barn, og vi er også på Twitter og Instagram. 31.12.14 hadde vi 11 425 som likar oss på Facebook, 13 754 følgjarar på Twitter og 2 752 mentions, og vi hadde blitt retvitra 3 583 gonger.

I 2014 heldt vi fram med planen vår for å nå Språkrådet sitt krav om 25 % nynorsk i kommunikasjon til allmennheita frå kontoret. Ved årsskiftet hadde vi ein nynorskprosent på 26,1 på korte tekstar, 10,5 % for tekstar på nett, 41,5% på lange tekstar og 16,2% på sosiale media. To av medarbeidarane våre var på kurs i 2014. Språkrådet var nøgd med arbeidet vi hadde gjort, men råda oss til å vise ei synlegare veksling mellom nynorsk og bokmål i nyhetsmeldingane og dei andre tekstane øvst på nettsida vår.

### Uromeldingar til barnevernet

Vi sende fem uromeldingar til barnevernet i 2014. Barneombodet får som offentleg meldar tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

Uromeldingar til barnevernet				
Årstal	2011	2012	2013	2014
Tal på uromeldingar	12	11	7	5

### Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i 6 saker i 2014. Krav om innsyn blir vurdert etter rutinane til Barneombodet.

Krav om innsyn				
Årstal	2011	2012	2013	2014
Tal på innsynskrav	5	7	33*	6

\*Kravet om innsyn i 2013 var høgt, fordi vi kravde innsyn i ei rekke saker i samband med prosjektet «Helse på barns premissar.» Talet vil også bli høgt i 2015 i samband med prosjektet «Tvang mot barn.»

### Krav om tilsyn

Barneombodet har ikkje tidligare rapportert på krava våre om tilsyn. Fordi vi no er meir offensive på å sende krav om tilsyn, ynskjer vi å rapportere på dette framover.

Barneombodet meiner tala kan seie noko om offentleg saksbehandling av saker om barn, og våre vurderingar av denne. I 2014 bad vi fylkesmannen om å føre tilsyn i seks saker.

## Høyringssvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 18 høyringssvar i 2014. Av dei viktigaste kan vi nemne

- innspel om Politianalysen
- høyring - utkast til endring i lov om sosiale tenester
- høyring - forslag til endringar i forskrift om straffegjennomføringslova
- høyring - politiattest ved tilsetting i statlege asylmottak
- høring - retningslinjer for funksjon som barneansvarleg
- høyring - forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova - skulebytte i mobbesaker

## Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 72 foredrag i 2014.

Ein stor del av informasjonsarbeid hos Barneombodet består av opplæring i barnerettane for ulike faggrupper. Anne Lindboe har også prioritert å halde fleire foredrag i samband med satsingsområdet hos Barneombodet i 2013-2014, «Helse på barns premisser», fleire foredrag for avgjerdstakarar og å ha fleire møter med barn.

Barneombodet har laga ny informasjonsfilm om oss sjølv i 2014. Den finnes på youtube. Vi har også fornya plakaten om barnerettane ut frå alder.

## Fråsegner til offentlege styresmakter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev til offentlege myndigheter. I disse breva gir vi uttrykk for synspunkta våre, og uroa vår for varetakinga av barn innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre. I tillegg til breva nedanfor skreiv vi 29 brev til offentlege styresmakter med konkrete anbefalingar då vi lanserte rapporten «Helse på barns premisser».

2011	2012	2013	2014
14	22	21	15

	Tema	Mottakar	Dato sendt
1.	Anmodning om møte angående dommeravhør av barn og organisering av politiets arbeid med vold og overgrep mot barn	Justis- og politidepartementet	26.6.2014
2.	Anmodning om tilsyn med Drammen kommune	Fylkesmannen i Buskerud	9.7.2014
3.	Henvendelse til arbeidsministeren om tildeling av pleiepenger	ASD	25.8.2014
4.	Innspill til idefase OUS	OUS	6.11.2014
5.	Barn og unges tilgang til	KMD	3.6.2014

	<b>høringsinstituttet</b>		
6.	Brosjyre om vold og overgrep til utdeling på helsestasjonene	HOD	<b>5.11.2014</b>
7.	Barneombudet ber Politidirektoratet om faglige begrunnelser dersom det medfører riktighet at man ønsker en utvidet tidsfrist for dommeravhør	POD	<b>4.12.2014</b>
8.	Barneombudet ber Riksadvokaten vurdere om lokalt politi bør konsultere Kripo i alle saker der det foreligger mistanke om alvorlig vold og seksuelle overgrep mot barn	Riksadvokaten	<b>21.11.2014</b>
9.	Tiltak som kan bidra til økt rettssikkerhet ved plutselige barnedødsfall	HOD	<b>5.12.2014</b>
10.	Oppfølging av lov om rituell omskjæring av gutter	HOD	<b>19.11.2014</b>
11.	Lengeværende barn - sakene må stilles i bero	JBD	<b>5.12.2014</b>
12.	Bymofattande barnevern for särleg sårbara grupper	Oslo kommune	<b>2.7.2014</b>
13.	Krav om innsyn ved Motivasjonskollektivet	Fylkesmannen i Oslo og Akershus	<b>11.3.2014</b>
14.	Tilstrekkelig sosialpediatrisk kompetanse-forslag til tiltak	HOD	<b>3.3.2014</b>
15.	Oppmoding om tilsyn med Naustdal kommune - spesialundervisning og psykososialt skolemiljø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<b>13.1.2014</b>

### Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt

I 2014 starta og gjennomførte Barneombodet tre fagprosjekt:

- a) Helse på barns premisser - mars 2013 til mars 2014
- b) Tvang mot barn i psykisk helsevern og barnevern - 2014-2015
- c) Økt gjennomslag for barns rettigheter - 2014-2015

Prosjekta blir nærmare skildra under punkt III. I alle prosjekt har det vore nytta prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming og tett oppfølging frå leiinga.

### Innspel til offentlege utval

I 2014 ga Barneombodet innspel til

- arbeid med stortingsmelding om primærhelsetenesta
- ny melding om folkehelsa
- meldinga om menneskerettar i utanriks- og utviklingspolitikken

## **Notat til Stortinget**

Barneombodet publiserer alle notat som blir levert til komiteane på Stortinget i samband med blant anna høyringar. Følgjande notat vart gitt frå oss i 2014:

- Notat frå Barneombodet til open høyring i Utanriks– og forsvarskomiteen 6. juni 2014 om ratifikasjon av den tredje tilleggsprotokollen til barnekonvensjonen dok. 8:53.
- Innspel frå Barneombodet til Helse- og omsorgskomiteen Prop. 70L /2013-2014) Lov om rituell omskjering av gutter.
- Innspel frå Barneombodet til Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget angåande representantforslag om ein 5-årig kommunal opptrappingsplan for psykisk helse (Dokument 8:41 S (2013-2014)) og representantforslag om betre tilbod innan psykisk helse i kommunen (Dokument 8: 54 S (2013-2014)).
- Notat frå Barneombodet til open høyring i Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité om menneskerettar i Grunnlova.
- Innspel frå Barneombodet til open høyring i Stortingets justiskomité 5. november 2014 angåande representantforslag om endring i § 3 i lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringslova) (kriminalomsorga sitt ansvar for å ivareta barn av domfelte/innsette mv.).
- Innspel frå Barneombodet til eit møte med familie- og kulturkomiteen 22. mai 2014, der vi vart bedt om å presentere nokre av utfordringane vi ser framover.

### **III. Aktivitetar og resultat i 2014**

Mål og strategiar for 2014 vart rapportert inn til BLD mai 2013.

#### **1. Barn blir ikkje utsette for tvang i nokon offentleg institusjon (mål 13).**

**Barneombodet vil sjå nærmare på bruk av tvang og makt mot barn – dette blir fagleg hovudfokus i 2014, og det blir også det feltet vi rapporterer på til myndighetene.**

Prosjektet vart starta opp i mars etter lansering av «Helse på barns premisser», og vi avgrensa det til å sjå på bruk av tvang mot barn og unge som bur i psykisk helsevernsinstitusjonar, barnevernsinstitusjonar og fosterheimar. I prosjektet får vi informasjon frå barn, forskrarar, relevante institusjonar og kontrollorgan. Prosjektrapporten skal givast til relevante statsrådar den 22. september 2015.

#### **2. Barn har tilgang til eit godt kommunalt helsetilbod, og barn med psykiske og fysiske helseproblem får den hjelpa dei har behov for (mål 5 og 6).**

**Barneombodet vil følgje opp anbefalingane frå «Helse på barns premisser», hovudprosjektet i 2013.**

Rapporten frå prosjektet «Helse på barns premisser» vart overlevert til statsrådane Horne og Høie den 6. mars 2014, på lanseringsseminaret som vi arrangerte i samarbeid med Høgskulen i Oslo og Akershus. Vi kjem her med ei rekke anbefalingar til myndighetene. Rapporten vart svært godt mottatt, og mange av anbefalingane i rapporten har allereie blitt implementert. Av dei kan vi nemne desse:

- Oppdragsbrevet til helseføretaka spesifiserer no at det skal opprettast valds- og overgrepsmottak for barn på sjukehusa. I tillegg må helseføretaka syte for at kompetanse på rettsmedisinske undersøkingar av barn er tilgjengeleg i heile landet.
- Helseminister Bent skal involvere barn og unge i dei store helsereformane han skal gjennomføre.
- Fleire sjukehus vil opprette ungdomsråd. Østfold går lengst i å følgje våre anbefalingar, men Helse Sør-Øst er også særskilt interessert.
- Fleire sjukehus vil ha familiebasert nyfødtintensivavdeling.
- Regjeringa skal lage ein strategi for ungdomshelse.
- Skulehelsetenesta og helsestasjonstenesta får ei auke på 200 millionar i statsbudsjettet for 2015.

Oppfølginga av Helse på barns premisser har tatt mykje tid i 2014, og har nesten vore eit prosjekt i seg sjølv. Vi ser at oppfølgingsarbeidet etter store prosjekt er svært viktig, og må

nedfellast i verksemdsplanen for året etter at prosjektet er avslutta. Å arbeide langsiktig er viktig for å sikre at anbefalingane vi kjem med blir gjennomført.

### **3. Rettsapparatet er barnesensitivt (mål 9).**

**Barneombodet vil halde fram med arbeidet med å promotere anbefalingane i rapporten frå 2012: «Barnets stemme stilner i stormen – en bedre prosess for barn i konfliktfylte samlivsbrudd.»**

Vårt fokus i oppfølginga av rapporten i 2014 har vore å få familievernet til å gi tilbod om eigen time til barn ved mekling etter samlivsbrot. I budsjettforhandlingane vart det gitt fleire midlar til familievernet, og det kom inn ein merknad i statsbudsjettet om at ekstra midlar til familievernet skal brukast til eigen samtale til barn på familievernkontora.

Stadig fleire barn blir råka av saker som blir behandla i domstolane, både samlivsbrotsaker og saker der barn sjølv er tiltalt. Barneombodet starta difor i 2014 eit samarbeid med Domstolsadministrasjonen om å arrangere ein konferanse for dommarar, advokatar, sakkunnige og andre interesserte. Konferansen blir halden 2. mars 2015.

### **4. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet (mål 2).**

Barneombodet var med i programmet for Grunnlovsjubileet 2014 med prosjektet «Barneombussen», der Anne Lindboe reiser rundt i landet og besøkjer skular. Ho har med seg eit skuleopplegg der ho informerer om barnekonvensjonen og Barneombodet. I 2014 har Barneombussen vore i fem fylke, deltatt på Grunnlovsjubileet på Eidsvoll og på Miniøya. Vi har møtt til saman 1635 elevar på skuler, og om lag 1300 barn på dei andre arrangementa.

Vi har også laga ein ny film om Barneombodet, som beskriv arbeidet vårt på ein måte barn forstår.

### **5. Alle barn i Norge får oppfylt retten til utdanning i ein trygg og inkluderande skule (mål 10).**

**Barneombodet vil halde fram med arbeidet med psykososialt skolemiljø. Særleg fokus vil det vere på lovendringar, elevmedverknad, fylkesmennenes mandat og kompetanse.**

Gjennom heile året har vi arbeidt med mobbing og krenkingar i skolen på tre måtar. Vi har gitt rettleiing i enkeltsaker, deltatt med innspel i faglige diskusjonar og offentleg debatt, og arbeidt for å få fram barn og unge sine egne erfaringar og råd om korleis ein kan stanse mobbing og krenkingar i skulen.

Barneombodet fekk 80 nye formelle førespurnader om mobbing frå vaksne i 2014. Vi har fått 381 spørsmål om skule frå barn og unge via spørjetenesta «Spør Barneombudet». Svært mange av desse handlar anten direkte eller indirekte om retten til eit godt skolemiljø. Vi har også svara på ei rekke spørsmål om skolemiljø via ung.no. I tillegg til dette kjem telefonsamtaler til kontoret og direkte møter med barn og unge på skular vi har besøkt med «Barneombussen». Det er altså vanskelig å sette eit eksakt tal på førespurnader, men totalt har vi behandla mellom 300 og 500 førespurnader om retten til et godt skolemiljø i 2014.

I 2013 gav Barneombodet innspel til Djupedalutvalet, som skal komme med anbefalingar om politikk for å sikre barn eit godt psykososialt skolemiljø. For at utvalet også skal få innspel frå barn og unge direkte, reiste Barneombodet i 2014 rundt i ulike deler av landet og snakka med 22 barn som hadde vore utsatt for mobbing. Deira erfaringar og anbefalingar vart samla i rapporten «Jeg vil drømme gode drømmer», som vart levert til utvalet i september 2014. Innstillinga frå Djupedalutvalet kjem den 18. mars 2015.

Barneombodet har gjennom året bidratt på fleire måtar i læringsmiljøprosjektet til Utanningsdirektoratet. Vi har deltatt i ressursgruppa til prosjektet, og halde faglege innlegg på fleire av samlingane for kommunar som deltar i prosjektet.

Barneombodet skal i 2014 - som i 2013 - lage ein eigen rapport til Kunnskapsdepartementet. Denne vil også bli sendt til BLD.

## **6. Barn har reell tilgang til nasjonale og internasjonale klageorgan (mål 1)**

**Barneombodet vil arbeide for signering og ratifisering av tilleggsprotokollen til barnekonvensjonen. I tillegg vil vi arbeide for at barn skal få betre tilgang til nasjonale klageorgan, slik at dei kan få oppfylt rettane sine i praksis.**

Barneombodet har i 2014 deltatt på ei høyring i Stortinget om signering og ratifisering av 3. tilleggsprotokoll til barnekonvensjonen, som vil gje barn moglegheit til å klage direkte til FNs barnekomité i Genève. Vi gav samtidig eit notat til forsvars- og utanrikskomiteen, der vi grunngjer våre synspunkt.

Gjennom alt vårt arbeid ser vi tydeleg at barn har få mogleheter til å klage på offentlege vedtak og sikre rettane sine. Dette gjelder særskilt innafor skule, barnevern og helse. I 2014 har vi arbeidt aktivt med å gi hjelp til dei som ønskjer å klage. I tillegg sender vi sjølv over saker til fylkesmenn der vi meiner å sjå at sakshandsaminga i kommunane ikkje er god nok. I informasjonsarbeidet vårt har vi i 2014 brukt mykje tid på å lære opp fylkesmenn for å sikre at dei slår ned på praksis som ikkje følgjer lova eller barnekonvensjonen. Barneombodet arbeider for at klageorgana skal bli betre til å ta imot klager frå barn, og at dei skal få moglegheit til å sette i verk strengare tiltak mot kommunar for å sikre at barnerettane blir gjennomført i praksis.

## **7. Grunnprinsippa i barnekonvensjonen er tydeleggjort i alt relevant lovverk (mål 18).**

**Barneombodet vil arbeide vidare med vårt internasjonale engasjement for å promotere barnerettane og barneombodsordninga internasjonalt.**

Barneombodet får, som det første barneombodet i verda, mange førespurnader om å dele erfaringar. Meir enn 30 års drift gjer at vi har ein kompetanse som mange ønskjer å dra nytte av. Vi blir både spurde om å bidra internasjonalt for å starte opp barneombod, og om å dele kunnskap om ulike tema og våre røynsler med metodar for å jobbe med barnerettane.

Det internasjonale arbeidet er ressurskrevjande, både når nokon frå kontoret reiser ut, og når vi tar imot lengre besøk. Det har derfor vore vanskelig for oss å kunne prioritere internasjonale aktivitetar. Derfor søkte vi i desember 2013 om midlar frå UD til eit forprosjekt, der målet er at barnerettane skal ha blitt styrka i minst tre land ved at det er etablert sterke strukturar for å overvake og verkeleggjere FNs barnekonvensjon. Vi fekk midlar i byrjinga av 2014, ein prosjektleiar vart tilsett, og prosjektet starta opp i august. Forprosjektet skal vare til 1. desember 2015.

I 2014 avslutta Kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget arbeidet med å endre Grunnlova. I samband med dette arbeidde Barneombodet aktivt med å få grunnlovsfesta barnerettane. Retten til familieliv, til å bli høyrt, til vurdering av det beste for barnet og retten til skulegang er no grunnlovsfesta.

## **Samla vurdering av resultat**

I tillegg til helseprosjektet og dei andre måla våre har vi arbeidt mykje med andre fagsaker, spesielt med vald og overgrep mot barn. I 2014 har Barneombodet fått ei tydeleg stemme i offentligheta når det gjeld dette temaet, mykje på grunn av Anne Lindboe sin bakgrunn som barnelege. Kontoret har samla brukt mykje tid på dette arbeidet.

Som eit resultat av innsatsen frå Barneombodet og andre aktørar i samfunnet, er desse prosessane no i gang:

- Det skal opprettast eigne vald- og overgrepsmottak for barn på sjukehusa.
- Barn skal sikrast medisinske undersøkingar på barnehusa.
- Det skal på plass sosialpediaterstillingar på alle sjukehus for å sikre kunnskap blant leger om vald og overgrep.
- Ventetida på dommaravhøyr av barn er på veg ned.
- I den nye politireforma skal barnesaker prioriterast.

Andre viktige arbeidsområde har vore

- å gjere barnevernlova til ei rettigheitslov for barn
- medverknad for barn og unge – og utviklinga av eit pilotprosjekt for opplæring av kommunar
- samarbeid med NAV for å sikre barn retten til å bli høyrt, og gjere vurderingar til det beste for barnet i Nav sosial
- å synleggjere 7-milssteget
- å delta i to rådgivande utval (NI og NFM), og i ulike ressursgrupper på helse, asyl, barnevern og skule
- å arrangere den første «Lucy Smiths barnerettighetsdag» sammen med UiO, noko som skal bli eitt årleg seminar

Sjå elles oversikta over brev til offentlege myndigheter og verksemdsplanen for året for nærmare oversikt.

2014 har vore eit produktivt år for Barneombodet. Vi lanserte vår første store prosjektrapport, og har brukt mykje tid på å få implementert anbefalingane frå rapporten. Mobbing - eller psykososialt skolemiljø - har også vore eit sentralt arbeidsområde for Barneombodet i 2014, der vi har fått mykje merksemd. Vi opplever å bli sett på som truverdige både hos dei som tar avgjerder, og i befolkninga generelt.

## Nærmare omtale av bruk av verkemidlar

Arbeidsmetodane til Barneombodet er i hovudsak å

- kommunisere direkte med barn og unge og formidle deira synspunkt og anbefalingar, og arbeide for å auke medverknaden frå barn og unge i samfunnet generelt
- drive informasjonsverksemd om barnerettane gjennom foredrag og ulike media
- gi råd og informasjon til personar som tar direkte kontakt med oss
- jobbe prosjektbasert med prioriterte område der vi ser at det er behov for styrking av barnerettane
- be om innsyn i enkeltsaker for å vise generelle utfordringar for barn, og eventuelt sikre barnerettane i den enkelte saka
- gi innspel til offentleg nedsette utval
- svare på høyringar i samband med lovendringar som betyr noko for barn og unge

I 2014 har Barneombodet auka innsatsen for å synleggjere anbefalingane våre og gi god informasjon til avgjerdstakarar gjennom prosjektet «Økt gjennomslag for barns rettigheter.» Bakgrunnen for at vi sette i gang dette prosjektet, var eit ønskje om å gi god informasjon til dei som skal ta avgjerder på vegne av barn. Arbeidet gjer at vi har blitt meir aktive opp mot Stortinget og politikarar. Ettersom Barneombodet er politisk nøytralt, lagar vi alltid skriftleg informasjon som er tilgjengeleg på nettsida vår, slik at vi sikrar at alle får lik informasjon frå oss. Sjå også det som er skrevet under Notat til Stortinget.

## **IV. Styring og kontroll av verksemda**

### **Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda**

Barneombodet nyttar mål og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi viser til at ein høg prosent av måla er nådd, jf. Del I og III.

Vi har i løpet av dei siste åra arbeidt for å bygge opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll, basert på mellom anna Direktoratet for økonomistyring (DFØ) sine metodar. Den årlege vurderinga av risiko viser ikkje eit kritisk bilet, men vi har framleis nokre utfordingar som vi må arbeide vidare med.

Den årlege gjennomgangen av status på styring og kontroll hos Barneombodet viser at system, rutinar og prosessar for det meiste fungerer godt. Vi har framleis nokre utfordingar med å få skrive ned nokre av rutinane og få implementert desse. Dette gjeld både innanfor økonomi og på arkivområdet. Arbeid med dette går vidare i 2015. Vurderinga og gjennomgangen er gjort med hovudvekt på å vurdere

- verksemda si evne til å nå dei mål vi har sett oss, og som er i tråd med samfunnsoppdraget
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv bruk av ressursar
- om sentrale risiko er innanfor akseptert nivå

### **Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda**

#### **Tydeliggjering av rollar og ansvar og iverksetjing av nye kompetanse tiltak**

I samband med endringar i leiarfunksjonar (sjå del I), har Barneombodet i 2014 arbeidt med å klargjere oppgåver, roller og ansvar i leiargruppa. Innanfor økonomi er delegasjon og ansvar gjort tydelig i den interne økonomiinstruksen for Barneombodet. Når det gjeld ansvar for personale, administrasjon, fag og kommunikasjon, er fordelinga drøfta med tillitsvalde og implementert gjennom 2014. Ansvar og rollar er dokumentert i eit eige dokument som er tilgjengeleg for tilsette på dei interne nettsidene våre.

For å følgje opp den personalpolitiske planen hos Barneombodet, arbeidde vi i 2014 fram ein plan for kompetanseutvikling for perioden 2015 - 2017. Planen vart drøfta med tillitsvalde og verneombod i fleire omgangar, og blir implementert i byrjinga av 2015. Den omfattar både ekstern og intern kompetanseutvikling i den aktuelle perioden, og vil vere ein reiskap for styring av både økonomi og tidsbruk.

## **Arkivet**

I 2014 starta vi eit stort arkivprosjekt. Prosjektet skal gå fram mot 2016/17. Ei prosjektgruppe har ansvaret for arbeidet og framdrifta, og vi har nytta same mal for styring av prosjektet som for andre prosjekt hos Barneombodet. Føremålet med prosjektet er både å få på plass ein bevarings- og kassasjonsplan, og å avlevere gammalt arkivmateriale til Riksarkivet. I tillegg er det eit viktig mål med prosjektet å skape meir effektive arkivrutinar både på papir og elektronisk, og å utvikle og skrive ned gode rutinar. Eit første steg i arkivprosjektet har vore å utvikle arkivkompetansen på kontoret. Dette vart hovudfokus hausten 2014.

På grunn av redusert budsjett vil prosjektet trekke meir ut i tid enn først planlagt. Ein annan faktor som spelar inn, er innføring av digital post i 2016. Denne kostnaden må takast allereie i 2015, og vil få innverknad på arkivprosjektet.

## **Anna drift**

Barneombodet innhenta i 2014 tilbod på reinhald, og ny leverandør av reinhaldstenester var på plass hausten 2014. Vi lyste ut banktenester hausten 2014, og vi har også laga ny designprofil i 2014.

## **Forhold departementet har bedt om særskild rapportering på**

### **Risikovurderinger**

Barneombodet vurderer risiko ein gong i kvartalet. Dei områda som ligg til grunn for vurdering av risiko er

- personalsituasjonen
- økonomi
- faglege oppgåver
- administrative oppgåver
- ulike ytre forhold som påverkar drifta av verksemda

Resultatet av årets vurdering av risiko ligg ved årsrapporten til BLD som eige dokument.

## **Personalforvaltning og internkontroll**

Barneombodet har i 2014 fornya avtalen om å vere ei IA-bedrift. Lokalt tilpassa mål og innhald i avtalen skal utformast innan 1. mars 2015. Vi reknar med at dei same hovudmåla kan vere aktuelle også framover, sjølv om dette skal forhandlast med tillitsvalde og NAV.

Desse måla er

- å skape eit meir inkluderande arbeidsliv til beste for den einskilde arbeidstakaren, arbeidsplass og samfunnet
- å redusere sjukefråvær og uføretrygd
- å syte for at ressursane og arbeidsevna til den enkelte medarbeidar skal bli utvikla og nyttta i aktivt arbeid

Det mest konkrete i IA-avtalen for tilsette hos Barneombodet har vore retten til 24 dagar eigenmelding, og moglegheita vi har til å søkje tilretteleggingstilskot for tilsette. Vidare er det utarbeidt rutinar for oppfølging av den enkelte ved sjukefråvær. Desse rutinane er tilgjengelege via personalhandboka i Compendia. ([www.compendiapersonal.no](http://www.compendiapersonal.no))

Det er vidare eit personalpolitisk mål at tilsette hos Barneombodet skal ha gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Barneombodet skal inspirere dei tilsette til også sjølv å ta initiativ til eiga utvikling. Ein plan for kompetanseheving vart utarbeidt i 2014, og skal implementerast i 2015-2017. Planen er basert på både behova til kontoret og individuelle ønske om utvikling, og omfattar både interne og eksterne tiltak.

Når det gjeld tiltak for å vareta tilsette som av ulike årsaker kan være i spesielle fasar i livet, forsøkjer Barneombodet å ha ein aktiv politikk på dette området. Dette gjeld både menn og kvinner med særlege omsorgsoppgåver, og eldre arbeidstakrarar. Vi søker aktivt å legge til rette for at for eksempel omsorg for små barn ikkje skal vere til hinder for utviklinga av fag og karriere i verksemda. Dette gjer vi gjennom fleksible arbeidstidsordningar innanfor regelverket, ved tilrettelegging for at barn kan være med på kontoret, og gjennom aktiv og fleksibel bruk av gjeldande permisjonsordningar, ferie og fridagar.

Den enkelte tilsette har faste medarbeidarsamtaler med barneombodet, der også den nærmaste leiaren deltek. Konkrete mål om endring vert skrive ned i ein handlingsplan, og følgt opp av nærmaste leiari. Alle tilsette har mogleheit til å be om fleire medarbeidarsamtalar enn dei faste.

Barneombodet legg vekt på ein god seniorpolitikk som kan medverke til at eldre arbeidstakrarar står i jobben, og kan bidra med erfaringa og kompetansen sin. Fundamentet for seniorpolitikken hos Barneombodet er følgjande:

- Seniorar kjenner at dei er ønskte og blir verdsett.
- Erfaringa og kompetansen som seniorane har blir etterspurt.
- Behov som oppstår på grunn av alderen blir varetekne og lagt til rette for.
- Seniorar over 55 får tilbod om ein ekstra medarbeidarsamtalar per år, med vurdering av behovet for endring av arbeidsoppgåver, individuell tilrettelegging, osv. - som kan relaterast til livsfasen.

### **Aktivitets- og greigjeringsplikter**

Ifølgje rettleiaren frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivitets- og greigjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhøyrsel og livssyn, og nedsette funksjonsevner.

Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Pr. 18. juni 2014 var vi 33,3 prosent menn mot 66,7 prosent kvinner. Av desse er det pr. 31. desember 2014 to menn og tre kvinner i leiinga. Vi har arbeidt aktivt for å skape betre balanse når det gjeld kjønn, noko som har vist seg vanskeleg. Av kvalifiserte søkerar i 2014 er fleirtalet kvinner.

I dag har Barneombodet ingen forskjellar i lønn som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstabben. Ved tilsettingar arbeider vi aktivt for å finne lønnsnivå som samsvarar med erfaring og kompetanse, og som bidreg til likeverd mellom kjønna i lønnsmassen.

10 % av dei tilsette på kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Vi har så langt ikkje lukkast med å rekruttere arbeidstakarar med funksjonsnedsetjingar. Dels heng dette saman med at vi er et kontor med låg «turn-over», og dels at personer med funksjonsnedsetjingar ikkje har vore å finne blant dei aktuelle søkerane til stillingar.

Barneombodet er ei verksemد som skal arbeide for alle barnerettane i samfunnet. Vi må derfor vere opne i rekrutteringsarbeidet for å sikre like rettar for søkerar som bidreg til å spegle mangfaldet som er blant barn og unge. Dette gjeld både LHBT-personar, personar med annan etnisk bakgrunn enn norsk, og personar med funksjonsnedsetjingar.

Vi har pr. i dag ingen andre aktive tiltak å setje inn enn å oppmøde til eit mangfold av søkerar gjennom utlysningar, og eit pågåande internt haldningsskapande arbeid blant dei tilsette.

### **HMS/arbeidsmiljø**

Barneombodet har i 2014 laga ferdig ei elektronisk HMS-handbok og personalhandbok, og rutinar for beredskap. Desse er lagde ut på plattforma Compendia, og alle tilsette har fått ei innføring i verktøya. I den same plattforma har vi utvikla eit eige intranett som vart tatt i bruk i 2014.

Barneombodet har eit lågt sjukefråvær (sjå neste punkt) og låg turnover. I 2014 gjennomførte vi ei medarbeidarundersøking . Denne undersøkinga var eit supplement til vanleg vernerunde. Ei ny undersøking er planlagt vår/haust 2015. Resultata av undersøkinga viste at medarbeidrarar generelt var nøgde med arbeidsmiljøet, men at det på nokre område var ønskjeleg med forbeteringar. Arbeidet med å halde fast ved dei gode sidene ved

arbeidsmiljøet, og å betre dei som ikkje var gode nok, har leiinga jobba med i 2014 og inn i 2015. Undersøkinga i 2015 vil gi svar på om arbeidet har gitt resultat.

Vernerunden som vart gjennomført i november 2013 viste at det var naudsynt med ei kartlegging av kontorarbeidsplassen til medarbeidarane. Ei slik kartlegging vart gjennomført av ein ergoterapeut våren 2014. Han foreslo ei rekke tiltak, og vi gjorde utbetringar. Ein ny vernerunde var planlagd i november 2014, med av ulike grunnar vart denne utsett til januar 2015. Resultata syner at medarbeidarane no har fått ein betre arbeidsplass når det gjeld ergonomi. Tiltak etter vernerunden for 2014 (januar 2015) er sette i verk.

### IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråværet hos Barneombodet er lågt (sjå tabellen under), og vi har derfor eit fokus på å halde dette så lågt som no. Vi hadde 79 eigenmelde sjukefråvårsdagar i 2014.

Sjukefråvær	2014 (Pr. 3. kvartal)
Legemelde (Altinn)	1,23 %
Kvinner (Altinn)	1,73 %
Menn (Altinn)	0,00 %

### Sikkerheit og beredskap

Barneombodet er ei rein kontorbedrift med gode sikringsrutinar for å kome inn i lokala. Vi har i liten grad direkte «kundekontakt». Den mest vesentlege utfordringa når det gjeld sikkerheit er derfor knytt til brannberedskap, og beredskap mot terror og andre kriser. Vi har ein tilsett med ansvar for brannvern og ein vara, slik at ansvarsforholda er avklarte.

Gardeigaren arrangerer jamlege brannøvingar. Heile organisasjonen har gjennomført oppfrisking av førstehjelpskurs og kurs i bruk av hjartestartar. Vi har ein hjartestartar i lokala. Sikkerheit og beredskap er vidare forankra i HMS-arbeidet, der leiinga arbeider tett opp mot verneombodet. Når det gjeld datasikring, er dette varetatt gjennom trygge avtaler med eit eksternt firma, der maskinpark, system og data er lagra utanfor kontoret.

Rutinane våre for beredskap er ein del av HMS-handboka. Dei er laga på grunnlag av dei malane som har vært tilgjengelege på plattforma Compendia. Beredskapsplanen inneholder rutinar for varsling, etablering av kriseteam, informasjon, omsorg og fordeling av ansvar og oppgåver. Vi har sendt alle rutinane til BLD for å få rettleiing og innspel til planen.

Barneombodet har ikkje gjennomført ei analyse av risiko og sårbarheit i 2014. I styringsdialogen med BLD vart vi gjort merksame på at dette er eit krav. Vi vil gjennomføre ei slik analyse i 2015. Vi har heller ikkje gjennomført ei øving av beredskapsplanen i 2014. Dette var planlagt etter at planen var ferdig. Vi planlegg ei slik øving hausten 2015.

## **Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtaler**

Barneombodet er kjent med det særlege ansvaret som kviler på ei offentleg verksemd når det gjeld å førebygge mellom anna brot på arbeidsmiljølova og sosial dumping. Når den nye kontrakten for reinhald vart laga i 2014, la vi særleg vekt på å stille krav til dokumentasjon på mellom anna lønn og arbeidstilhøve i det firmaet avtalen vart gjort med. Vi har ut over dette ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar.

## **Rutinar for varsling**

Rutinar for varsling ved moglege kriser eller hendingar er ein del av beredskapsplan til Barneombodet. Desse fekk vi testa ut i praksis sommaren 2014, i samband med den auka terrorberedskapen i Noreg, og vi vurderer at dei fungerer tilfredsstillande. Rutinane vil bli prøvde på nytt i samband med ei beredskapsøving.

Når det gjeld anna varsling, er dette no ein del av personalhandboka som ligg på dei interne nettsidene våre. Her står det mellom anna: «Dersom arbeidstakarar blir oppmerksam på kritikkverdige forhold i verksemda, har han rett til å varsle om dette, jf. arbeidsmiljøloven § 2-4. Med kritikkverdige forhold meinast det brot på lovreglar, interne retningslinjer og instruksar, eller brot på allmenn oppfatning av kva som er forsvarleg eller etisk akseptabelt. Eksempel på dette kan være trakassering, mobbing, rusmisbruk, tjuveri, økonomisk utruskap, diskriminering etc.»

## **Tidstjuvar**

Barneombodet leverte rapport om tidstjuvar i staten 1. september 2014 til KMD. Interne tidstjuvar arbeider vi kontinuerleg med å fjerne eller redusere. Dette gjeld både tiltak for å styre aktive prosjekt på ein effektiv måte gjennom prosjektstyringsverktøy, å effektivisere møteverksemda til leiinga, å kontinuerlig vurdere om ulike interne møter er nødvendige, og å gjennomføre tiltak for å betre flyt i sakshandsaminga.

Ei stor utfordring hos ei lita verksemd som Barneombodet, er at arbeidet med interne tidstjuvar i verksemda er nødvendig for å gje plass til arbeidet med tidstjuvar som kjem frå eksterne. Dette gjeld både endringar som gjerast i DFØ, pålegg frå KMD, og andre statlege endringar som tek mykje tid i ei lita verksemd med få tilsette i administrasjonen.

Konsekvensane i 2014 er at meir tid enn det vi ynskjer blir bundne opp i administrative oppgåver, og blir tatt bort frå Barneombodet sin jobb med å løyse samfunnsoppdraget.

## V. Vurdering av framtidsutsikter

Barneombodet er ei lita verksemد med eit stort samfunnsoppdrag. Vi opplever å bli sett på som truverdige både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Sjølv om Noreg er eit bra land å vaks opp i for barn, har Barneombodet ei viktig rolle i å overvake at barnerettane blir oppfylte på ulike samfunnsområde, og dette oppdraget vil være viktig også i åra framover.

Dei fleste område Barneombodet no arbeider med, krev innsats over fleire år. Dette gjeld område som mobbing i skule og barnehage, vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, barnerettane i barnevern og psykisk helsevern, i kommunehelsetenesta og på sjukehus, og barn og unge som representerer ulike minoritetar i samfunnet.

Ei av dei store utfordringane Barneombodet ser for seg i tida framover, er svekka moglegheiter til å lage planar for fleire år. Dette heng både saman med den gradvise budsjettnedskjeringa som er varsla (effektiviseringsgevinst), og usikre prognosar for overføringer frå andre departement. Dette gjeld pengar vi i dag mottar frå Kunnskapsdepartementet (KD) og frå Utanriksdepartementet (UD). Om den negative utviklinga på overført budsjett frå BLD fell saman med at midlar frå KD ikkje kjem, er Barneombodet nøydd til å redusere talet på tilsette.

Ein annan konsekvens av usikre prognosar er at vi allereie i 2015 går nøyde gjennom korleis vi kan redusere utgifter, utan at dette skal gå for mykje ut over det faglege arbeidet for barn og unge og deira rettar dette året. For 2016 kan dette sjå annleis ut, og aktivitetar som krev reise og opphold - og større prosjekt - må vurderast nøyare.

Hausten 2015 skal vi avslutte det store prosjektet om bruk av tvang mot barn og unge i barnevern, psykisk helsevern og i fosterheimar. Arbeidet med å følgje opp anbefalingar frå denne rapporten vil gå føre seg i 2016 og 2017. Samtidig startar vi eit nytt stort prosjekt i overgangen 2015/2016, der fokus vert barn og unge med funksjonsnedsetjingar.

«Barneombussen» og den direkte kontakten med barn og unge er ei viktig oppgåve for Barneombodet også i 2015-2017. I tillegg har vi ønskje om å møte og samhandle med barn og unge på endå fleire arenaer i åra som kjem, for å gi barn og unge ei stemme mot dei som tek avgjerder på ulike nivå. Omfanget av ein slik aktivitet må vurderast i samband med kommande budsjett.

Som Barneombodet, er eit samla barnerettsmiljø i Noreg uroa over den manglande tilgang barn har til å klage på brot på rettane sine. FNs barnekomit  har tilrådd at barn skal ha individuell moglegheit til å klage til ein nasjonal klageinstans, og har anbefalt at dette blir lagt til Barneombodet. Mange barneombod eller liknande institusjonar i andre land har i dag moglegheit til å behandle klager i enkeltsaker. Vi er positive til ei eventuell endring i vårt mandat, dersom en slik ordning også blir innf rt i Noreg.

Barneombodet må i 2015 lage ein plan for å sette i verk Digital post, slik at dette er operativt i starten av 2016. Kostnadane for eit slikt prosjekt er store, og investeringar det er behov for knytt til tekniske sider og konsulentbistand i arkivprosjektet elles må vente.

Ein del av arkivprosjekt er å lage ein plan for informasjonssikkerhet ved kontoret. Det vil bli nødvendig med ein del rettleiing frå Datatilsynet i dette arbeidet.

## VI. Årsrekneskap

### Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapet 2014

#### Føremål

Barneombodet ble oppretta i 1981, og er administrativt underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD). Verksemda fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapet. Kontoret er oppretta ved lov, som eit uavhengig organ for å vareta barn og unge sine interesser. Årsrekneskapet utgjer del VI i årsrapporten til BLD.

#### Stadfesting

Årsrekneskapet er avslutta i fylgje bestemmingar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå BLD i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapet gir eit dekkande bilde av dei disponible bevillingane, dei regnskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og gjelda til Barneombodet.

#### Vurdering av vesentlege forhold

I 2014 har kontoret samla disponert tildelingar på kr 14 379 000, og i tillegg fått to belastningsfullmakter - den eine på kr 2 587 000 frå Kunnskapsdepartementet og den andre på kr 450 000 frå Utanriksdepartementet, jf. Bevillingsrapporteringa og notane A og B. Mindreutgifa på post 01 driftsutgifter vart kr 471 024. Etter inntekter frå royalties og frå offentlege refusjonar har Barneombodet ei mindreutgift på kr 516 632, som vi søker om å få overføre til neste år på post 01 i fylgje berekningar i note B.

Artskontorrapporteringa viser at rapporterte utgifter til drift og investeringar summerte seg til kr 16 892 973. Inntekter vart kr 2 063. Utgifter til lønn- og sosiale utgifter utgjorde kr 11 313 406, mot kr 11 123 823 i 2013. Lønnsdelen av driftsutgiftene er i overkant av 68 %, mot knappe 66 % året før. Talet på årsverk er 17, uforandra frå 2013.

Barneombodet reduserte kostnadane til kjøp av konsulenttenester med omlag kr 800 000 (44 %) frå 2013 til 2014, fordi oppgraderinga av saksbehandlingssystemet og utviklinga av nye nettsider i hovudsak vart kostnadsført i 2013. jf. oversikt over andre utbetalingar til drift i note 4. Derimot auka kostnadane til reiser og diett med kr 245 000 til kr 636 578. Dette er ein konsekvens av fleire utanlandsreiser som førebuing til UD-prosjektet i 2014 og 2015, og aktivitetar i Noreg som har kravd at fleire tilsette reiser meir. Kontoret prioriterte også trykking av Helseprosjektrapporten, og har testa ut distribusjon av barneretts- og mobbemateriell til skulane. På grunn av høge kostnader på nærmare kr 200 000, sjå andre

driftsutgifter i note 4, for nemnde og liknande aktivitetar, vil vi i 2015 vurdere alternative måtar for å nå frem med bodskapen vår på.

Det vart i 2014 utbetalt kr 290 383 til investeringar. I hovudsak gjeld dette jamleg utskifting av gamle PC-ar, kjøp av nettbrett til bruk i prosjekt som skal gjennomførast i 2015 og suppleringskjøp av møblar.

Mellanverande med statskassen utgjorde per 31.12.2014 kr 482 824. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigendelar og gjeld mellanverande består av. Forutan rapportert mellanverande, har Barneombodet pådratt seg ei leverandørgjeld på kr 160 262 som ikkje er betalt, og derfor ikkje kjem med som utgift i årsrekneskapet, jf. opplysningar om avrekning med statskassen i note 5.

### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar rekneskapet for Barneombodet.

Årsrekneskapet er ikkje ferdig revidert per d.d., men vi går ut frå at revisjonsrapporten kjem i løpet av 2. kvartal 2015. Rapporten er unntatt offentlegheit fram til Stortinget har mottatt Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til Barneombodet så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 27. februar 2015



Anne Lindboe  
barneombod

## **Prinsippnote til årsregnskapet 2014**

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidt og levert etter nærmere retningslinjer fastsett i bestemmingar om økonomistyring i staten ("bestemmingane"), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 18. september 2013. Årsrekneskapet er i fylgje krav i bestemmingane punkt 3.4.1, nærmare bestemmingar i rundskriv R-115 Finansdepartementet, og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevillingsrapporteringa, og ein nedre del som visar behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapet. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapet etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidt med utgangspunkt i bestemmingane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapet:

- a) Rekneskapet følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapet inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapet med brutto beløp.
- d) Rekneskapet er utarbeidt i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevillings- og artskontorrapporteringa er utarbeidt etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmingane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapet. Sumlinja, «*Netto rapportert til bevillingrekneskapet*», er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er tilknytt statens konsernkontoordning i Norges Bank i fylgje krav i bestemmingane pkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved slutten på året vert saldoen på den enkelte oppgjørskonto nullstilt ved overgang til eit nytt år.

### **Bevillingsrapporteringa**

Bevillingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapet. Det vert stilt opp etter dei kapittel og postar i bevillingsregnskapet verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigendalar og plikter verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap. Den samla tildelinga i kolonnen viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Fullmakter vi har fått til å belaste ein annan verksemdeskombinasjon av kapittel/post (belastningsfullmakter) vert ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til bevillingsoppstillinga. Utgiftene knytt til belastningsfullmakter vi har fått er bokførte og rapportert til statsrekneskapet, og vert vist i kolonnen for rekneskap.

## Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapet etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har rett til å trekke disponible tildelingar på konsernkontoen i Noregs bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og vert derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Note 5 til artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen.

**Virksomhet: B2 - Barneombudet**

**Rapporteringsperiode: 201412**

<b>Oppstilling av bevilgningsrapportering for regnskapsår 2014</b>							
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2014	Merutgift (-) og mindreutgift
0850	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A, B	14 379 000	13 907 976	471 024
0163	Menneskerettigheter	72	Tilskudd	B		447 286	
0226	Særskilte driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	B		2 583 319	
<i>Sum utgiftsført</i>					14 379 000	16 938 581	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2014	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3850	Diverse inntekter	01	Driftsinntekter	B		2 063	2 063
3850	Refusjon av sykepenger	18	Refusjon av sykepenger	B		43 545	43 545
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse			21 757	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift			1 381 141	
<i>Sum inntektsført</i>					0	1 448 506	
<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>						<b>15 490 075</b>	
<i>Kapitalkontoer</i>							
60049001	Norges Bank KK /innbetalingar					135 911	
60049002	Norges Bank KK/utbetalingar					-15 562 660	
708050	Endring i mellomværende med statskassen					-63 326	
<i>Sum rapportert</i>						0	
<i>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (201412)</i>							
Konto	Tekst				2014	2013	Endring
6260	Aksjer				0	0	0
708050	Mellomværende med statskassen				-482 824	-419 498	-63 326

**Virksomhet: B2 - Barneombudet**

### Note A Forklaring av samlet tildeling

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0850 01	307 000	14 072 000	14 379 000

### Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overføbart beløp til

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Standard refusjoner på inntektspostene 15-18	Merinntekter iht merinntektsfull makt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinge r	Sum grunnlag for overføring	Maks. overføbart beløp	Mulig overføbart beløp beregnet av virksomheten
0850 01		471 024		471 024	43 545	2 063			516 632	718 950	516 632
0226 21		3 681		3 681	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	
0163 72		2 714		2 714	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	

## **Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**

### *Mottekne belastningsfullmakter*

Barneombodet har i tildelingsbrevet frå BLD fått stilt til disposisjon ei bevilling på kr 2 487 000 på kapittel/post 022621 frå KD. Av dette er kr 2 583 319 nytta.

Barneombodet har frå UD mottatt ein belastningsfullmakt på kr 450 000 på kap./post 016372. Av dette er kr 447 286 nytta.

### *Fullmakt til å bruke standard refusjonar av lønnsutgifter til å overskride utgifter*

Barneombodet har ikkje hatt behov for å nytte seg av fullmakta. Lønnsrefusjonane er på kr 43 545, og inngår i sin heilskap i utrekning av beløpet som er mogleg å overføre til neste år.

### *Fullmakt til å overskride driftsbevillingar mot tilsvarannde meirinntekter*

Barneombodet har hatt royaltyinntekter frå sal av boka BARN på kr 2 063.

### *Beløp som er mogleg å overføre til neste budsjettår*

Dei ubrukte bevillingane på kap./post 085001 er på kr 516 632. Då beløpet er under grensa på 5 %, vert heile beløpet rekna som mogleg å overføre til neste budsjettår.

Mogleg overføring til neste år er ei berekning, og Barneombodet får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp som vert overført til neste år. Departementet vurderer blant anna om andre verksemder eller departementet sjølv disponerer midlar på dei same kombinasjonane av kap./post som Barneombodet. Kor mykje som er mogleg å overføre er avgrensa til 5 % av bevillinga for heile posten, jamfør bestemmingar i bevillingsreglementet og det årlege rundskrivet om bevillingar som er mogleg å overføre (R-2). Berekningane over viser Barneombodet sin del av bevillinga på kvar enkelte kombinasjon av kap./post.

## Oppstilling av artskontorrapporteringen for 2014

	Note	201412	201312
<b>Inntekter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Salgs- og leieinnbetalinger	1	2 063	980
<i>Sum innbetalinger</i>		2 063	980
<b>Utgifter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter	2	11 313 406	11 123 823
Offentlige refusjoner vedrørende lønn	2	-43 545	-414 693
Utbetalt til investeringer	3	390 383	221 190
Andre utbetalinger til drift	4	5 234 792	5 579 341
<i>Sum utbetalinger</i>		16 895 036	16 509 662
<b>Netto rapporterte utgifter til drift og investeringer</b>		<b>16 892 973</b>	<b>16 508 682</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m,		0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader		0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer til andre</i>		0	0
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>			
5700 Folketrygdens inntekter - Arbeidsgiveravgift		1 381 141	1 312 343
5309 Tilfeldige inntekter (gruppeliv m.m)		21 757	21 906
<i>Sum inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</i>		1 402 898	1 334 250
<b>Netto utgifter rapportert til bevilningsregnskapet</b>		<b>15 490 075</b>	<b>15 174 432</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>201412</b>	<b>01.01.2014</b>
Skyldig skattetrekke	5	-484 855	-419 498
Annen gjeld (legg til linjer og vis på konto)	5	2 031	0
<i>Sum mellomværende med statskassen</i>		-482 824	-419 498

**Note 1 Inntekter rapportert til bevilningsregnskapet 2014**

	<b>201412</b>	<b>201312</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt tjenester,utenfor avgiftsområdet	2 063	980
<b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>	<b>2 063</b>	<b>980</b>
<b>Sum inntekter rapportert til bevilningsregnskapet</b>	<b>2 063</b>	<b>980</b>

**Note 2 Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlige refusjoner vedrørende lønn 2014**

	<b>201412</b>	<b>201312</b>
<i>Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter</i>		
Lønninger	9 780 336	9 683 830
Arbeidsgiveravgift	1 381 141	1 312 343
Andre ytelser	151 929	127 649
<b>Sum utbetalinger til lønn og sosiale utgifter</b>	<b>11 313 406</b>	<b>11 123 823</b>
* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.		
<i>Offentlige refusjoner vedrørende lønn</i>		
Sykepenger og andre refusjoner	43 545	414 693
<b>Sum offentlige refusjoner vedrørende lønn</b>	<b>43 545</b>	<b>414 693</b>
Antall årsverk:	17	17

**Note 3 Utbetalt til investeringer 2014**

	<b>201412</b>	<b>201312</b>
Maskiner og transportmidler	0	130 204
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	390 383	90 986
<b>Sum utbetalt til investeringer</b>	<b>390 383</b>	<b>221 190</b>

#### Note 4 Andre utbetalingar til drift og utbetaling av finansutgifter 2014

	201412	201312
<i>Andre utbetalingar til drift</i>		
Husleie	1 938 397	1 866 769
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	358	5 968
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	200 095	205 535
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	78 121	45 323
Mindre utstyrsskaffelser	53 301	130 318
Leie av maskiner, inventar og lignende	132 230	226 284
Konsulenter og andre kjøp av tjenester fra eksterne	1 055 467	1 869 086
Reiser og diett	636 578	391 547
Øvrige driftsutgifter	1 140 246	838 511
<b>Sum andre utbetalingar til drift</b>	<b>5 234 792</b>	<b>5 579 341</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Note 5 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen 2014

##### Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	201414	201414	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	-5 612	0	-5 612
Kasse og bank	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>-5 612</b>	<b>0</b>	<b>-5 612</b>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-160 262	0	-160 262
Skyldig skattetrekk	-484 855	-484 855	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	2 031	2 031	0
<i>Sum</i>	<b>-643 086</b>	<b>-482 824</b>	<b>-160 262</b>
Langsiktige forpliktelser			
Annen lang siktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum</b>	<b>-648 697</b>	<b>-482 824</b>	<b>-165 873</b>